

STATENS NATURSKADEFOND

Årsmelding

2015



Innhold

MELDING FRÅ
STYRET FOR 2015 / 3

STYRET FOR STATENS
NATURSKADEFOND / 5

ANKENEMNDA
FOR STATENS
NATURSKADEFOND / 6

REKNESKAP / 7

DEN NORSKE MODELLEN
FOR DEKKING AV
NATURSKADER / 8

HANDSAMING AV EI
NATURSKADESAK / 10

KVA HENDTE
I 2015 / 11

ERSTATNINGSSAKER
– STATISTIKK / 12

KLAGESAKER
I ANKENEMNDA / 14



Melding frå styret for 2015

I 2015 har styret halde seks styremøter, og det har blitt handsama 1250 erstatningssaker. Til saman blei det tilkjent erstatning for 111,1 millionar kroner i naturskadeerstatningar frå Statens naturskadefond.

I februar feia stormen Nina inn over Hordaland, og førte til ein del naturskader. Ekstremvêret Petra førte i september med seg store nedbørsmengder i Buskerud, Telemark, Vestfold og Agder. Synne trefte sørvestkysten av Norge i starten av desember, også med ekstreme nedbørsmengder. Her kom det omkring 300 mm nedbør i løpet av tre døgn. Elles er det verdt å nemne både stormen Ole og stormen Roar, som gjorde seg gjeldande med kraftig nedbør i Nordland og Troms, og Nordland og Trøndelag. Året 2015 blei eit år med mye ekstremvêr, men fordi storm først og fremst skader bygningar, som blir dekt av forsikring og ikkje den statlege naturskadeerstatninga, blei resultatet i 2015 for oss færre naturskader og lågare erstatningsutbetalingar enn i 2014.

Statistikk frå åra 2011 til 2015 viser ein topp i 2012, med svært mange naturskadesaker og store utbetalingar frå naturskadefondet. Etter 2012 har utbetalingane frå naturskadefondet gått ned år for år fram mot 2015. Det er likevel ei utfordring at enkelte lokalsamfunn opplever å bli ramma år etter år av kraftig nedbør og flaum.

Den 16. og 17. september reiste styret på ei befaringsreise til Sogndal, Flåm og Lærdal, for å høre om arbeidet etter dei omfattande naturskadane i 2014. Vi besøkte Vestlandsforskning, kor vi blei orientert om klimautfordringar og arealplanlegging i kommunane. Representantar frå Høgskulen i Sogndal presenterte for oss eit nytt og spanande studieprogram for studentar som vil spesialisere seg på klimatilpassing i stat og kommune.

16. juni 2014 blei ny naturskadeerstatningslov vedtatt. Frå 1.1.2017 vil den nye lova tre i kraft, og frå då skal nye naturskadeerstatningssaker behandlast etter nytt regelverk og nye rutinar.



Til saman blei det tilkjent erstatning for 111,1 millionar kroner i naturskadeerstatningar frå Statens naturskadefond.

BROR YNGVE RAHM
Styreleiar
Statens naturskadefond

**MELDING FRÅ STYRET
FOR 2015**

Det årlege kontaktmøtet med Landbruks- og matdepartementet (LMD) er ein viktig arena for direkte kommunikasjon med overordna myndigheit. Møta i Kontaktutvalet med Norsk Naturskadepool er viktige og nyttige for erfaringsutveksling om utfordringar som er felles for privat naturskadeforsikring og den statlege ordninga. Som styreleiar vil eg takke medlemmene og varamedlemmene i styret for eit fint samarbeid. Eg vil også på vegne av styret nytte sjansen til å få takke administrasjonen for samarbeidet, og for eit godt utført arbeid i 2015.

Oslo, 30. mars 2016



BROR YNGVE RAHM
Styreleiar
Statens naturskadefond



16. juni 2014 blei ny naturskadeerstatningslov vedtatt. Frå 1.1.2017 vil den nye lova tre i kraft, og frå då skal nye naturskadeerstatnings saker behandlast etter nytt regelverk og nye rutinar.

Styret for Statens natur- skadefond

Styret for Statens naturskadefond gjer vedtak i erstatningssaker etter lov om sikring mot og erstatning for naturskader (heretter; naturskadelova). Fondsstyret avgjer også søknadar om midlar til forskning og utviklingsarbeid (FoU-midlar).

Styret for Statens naturskadefond er eit forvaltningsorgan direkte underlagt Landbruks- og matdepartementet. Styret har fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Styret blir oppnemnt av Landbruks- og matdepartementet for fem år. Funksjonstida til det sittande styret er frå den 01.01.2011 til den 31.12.2016.

Styret har seks ordinære møter i året og har normalt éi befaringsreise i året.

Styret



BROR YNGVE RAHM
Styreleiar



ARNE BERGLAND
Nestleiar



ÅSE EGELAND
Styremedlem



KRISTIN MARIE SØRHEIM
Styremedlem



PER ARNE SKJEFLO
Styremedlem

Personlige varamedlemmer

Andreas Kjær
Laila Bjerke
Johan J. Jülke
Tora Husan
Turid Mette Nilsen



Styret har seks ordinære møter i året.

Ankenemnda for Statens naturskadefond

**Ankenemnda for Statens naturskadefond handsamer klager over vedtak i erstatningssaker etter naturskade-
lova frå styret for Statens naturskadefond.**


Vidare kan forsikringsselskap og forsikringstakarar be Ankenemnda ta stilling til om ein skade skuldast ei skadeårsak som gir rett til erstatning, og/eller om vilkåra for heil eller delvis avkorting av erstatninga etter denne lova er til stades i naturskadeforsikringssaker.

Ankenemnda er samansett av fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Ankenemnda blir oppnemnt av Landbruks- og matdepartementet for fem år. Funksjonstida til den sittande Ankenemnda er frå den 01.01.2011 til den 31.12.2015.

Ankenemnda



MARTE REIER
Leiar



ANN GUNN EDVARDSEN
Nestleiar



AAGE STENRØD
Medlem



HALLVARD BERG
Medlem



STEINAR TVEITNES
Medlem

Personlege varamedlemmer

Marit Eriksson
Bjørn Hovstad
Ole Øyvind Moen
Roar Øvre
Tore Krogstad

LANDBRUKSDIREKTORATET

Landbruksdirektoratet er sekretariat for styret for Statens naturskadefond og Ankenemnda. Sekretariatet førebur saker for desse organa. Sekretariatet har også fått fullmakt frå fondsstyret til sjølv å utføre visse oppgåver for dei. Dette inneber mellom anna vedtaksmynde i saker med takst under 200 000 kroner, og å vere fondsstyrets prosessfullmektige ved overskjønn for tingrettane.



**Ankenemnda har
fire møter i året.**

Rekneskap 2015

Erstatning

Kapittel 1148 Post 71	
Løyving 2015	156 800 000
FOU	2 000 000
Taksering	5 000 000
	163 800 000

Utbetalt 2015	
Erstatningar	137 475 638
Takst	6 820 995
FOU-midlar	142 188
	144 438 821

Ansvar	
Overført frå 2014	118 857 479
Nye tilsagn 2015	111 108 558
	229 966 037

Redusert ansvar i 2015	
Erstatningsutbetalingar	137 475 638
Forelda saker (3 års frist)	6 205 832
	143 681 470

Ansvar pr. 31.12.15	86 284 567
----------------------------	-------------------

BROR YNGVE RAHM

ARNE BERGLAND

ÅSE EGELAND

KRISTIN SØRHEIM

PER ARNE SKJEFLO

Den norske modellen for dekking av naturskader

I Norge har vi ei kombinert løysing for dekking av naturskader. Det betyr at ein kan få dekt ein slik skade gjennom:

1. Ei alminneleg forsikring.
2. Den statlege erstatningsordninga.

Naturskadedekking gjennom boligforsikringa

I Norge er alle objekt som er brannforsikra automatisk forsikra mot naturskade. Det inneber at så lenge eit objekt kan brannforsikrast, så kan objektet også forsikrast mot naturskade. Dette går fram av naturskedeforsikringslova. Skade på slike objekt skal meldast til forsikring. Eigendelen ved naturskadedekking gjennom forsikring er 8000 kroner.

Dekking gjennom forsikring krev sjølv sagt at det var teikna forsikring før skaden skjedde. Men det er spørsmålet om det er muleg å teikna slik forsikring eller ikkje, som markerer grensa mot rett til dekning gjennom den statlege naturskadeerstatningsordninga.

Naturskadedekkinga inngår som ein del av brannforsikring på bygningar. I tillegg til sjølv bygningsmassen omfattar ei slik forsikring også skade på lausøyre, og for bolig- og fritidshus også skade på hage, hageanlegg og gardsplass opp til 5 dekar, inkludert den delen av tilførselsveg som ligg innanfor hage, hageanlegg og gardsplass.

Det finst også eit generelt forsikringstilbod for stormskader på skog.

Den statlege erstatningsordninga

Statens naturskedefond dekker skade på objekt som det ikkje er muleg å forsikre mot naturskade gjennom ei alminneleg forsikringsordning. Praktiske eksempel på slike objekt er jordbruksareal, moloar og private vegar (unntatt tilførselsveg som ligg innanfor hage, hageanlegg og gardsplass).

Naturskade må meldast til lensmannen, namsfogden eller ein politistasjon med sivile rettspleieoppgåver innan tre månadar. Skader som er meldt seinare kan likevel godtakast på fastsette vilkår.



Naturskade må meldast til lensmannen, namsfogden eller en politistasjon med sivile rettspleieoppgaver innan tre månader.



Feda hardt ramma av flaum i desember 2015.

Den vidare gangen i saka etter at ein skade er meldt, er at skaden som hovudregel blir taksert ved lensmannsskjønn. I utgangspunktet er det kostnadane ved å gjenopprette det skadde objektet som blir taksert, men dersom dette ikkje er muleg, eller om det er for dyrt i høve til nytten av tiltaket, er det verdiforringa som skal takserast.

Når det finst ein rettskraftig takst, kan fondsstyret si handsaming av saka ta til. Fondsstyret, som normalt har møter seks gongar i året, avgjer om skadelidte har krav på erstatning, og gir ei eventuell erstatning på grunnlag av takst eller eigenoppgåve, etter reglane i naturskadelova og tilhøyrande forskrift.


Ved den statlege ordninga er det ein eigendel på 10 000 kroner. Etter at eigendelen og eventuelle avkortingar er trekt frå taksten, får ein utrekningsgrunnlaget. Skaden blir erstatta med 85 prosent av utrekningsgrunnlaget.

Den statlege naturskadeerstatninga bli finansiert ved årlige løyvingar over statsbudsjettet.



Ved den statlege ordninga er det ein eigendel på 10 000 kroner. Skaden blir erstatta med 85 prosent av utrekningsgrunnlaget.

Handsaming av ei naturskadesak



1

Skade skjer

Må meldast til lensmann/namsfogd innan 3 månader.

2

Første handsaming – taksering

Kostnadane ved å reparere skaden blir normalt fastsett ved lensmannsskjønnet. I nokre tilfelle kan skadelidne si eigenoppgåve godtakast.

Dersom skadelidne er misfornøgd med lensmannsskjønnet kan ein krevje ny taksering av skaden ved å begjære overskjønn for tingretten. Fristen for å gjere dette er 1 månad rekna frå då ein mottok lensmannsskjønnet.

Overskjønn ved tingretten.

3

Andre handsaming – erstatningsspørsmålet blir avgjort

Når taksten er endeleg, det vil seie når fristen for å klage på skjønnet er ute, startar styret for Statens naturskadefond si handsaming.

Fondsstyret avgjer om skadelidne har krav på naturskadeerstatning og fastsett ei eventuell erstatning på grunnlag av taksten. Fondsstyret har møter seks gonger i året.

4

Utbetring av skade

Skaden må utbetrast innan 3 år. Melding om utført reparasjon skal sendast lensmannen.

5

Utbetaling

Landbruksdirektoratet utbetaler erstatning på grunnlag av motteken ferdigattest frå lensmannen.

Kva hende i 2015?

I 2015 blei det handsama 1250 saker etter naturskade-lova, langt færre enn 2014. Likevel var 2015 eit år prega av mykje ekstremvêr, storm og nedbør, men dei fleste av skadane dette året blei dekkja av forsikring. Alt ekstremvêret i 2015 kosta forsikringsselskapa 1,18 milliardar kroner. Det er 65 prosent meir enn i 2014.

Storm og nedbør gir ofte store øydeleggingar på bygningsmassen i Noreg, og dette er objekt som forsikring i dei fleste tilfelle dekker. Resultatet i 2015 for Naturskade-fondet er færre naturskader og lågare erstatningsutbetalingar enn i 2014.

Ein del saker frå flaumen på Vestlandet i 2014 kom til handsaming først i 2015.

I februar 2015 førte stormen Nina til ein rekke skader i Hordaland, og sørlege delar av Noreg. Ekstremvêret Petra førte i september med seg store nedbørsmengder i Buskerud, Telemark, Vestfold og Agder. I desember trefte stormen Synne sørvestkysten av Noreg, med svært mykje nedbør i løpet av kort tid. Dei nordlegaste fylka, samt Trøndelag, fekk også oppleve sin del av ekstremvêr, med stormane Ole og Roar.

Ein stor del av erstatningssakene til naturskade-fondet er knytte til flaumskader, dette gjeld òg for 2015. Klimaendringar medverkar til eit våtare og meir ekstremt vêr, og slike ekstreme nedbørsmengder gir flaum på nye stader, og til andre årstider enn kva som har vore vanleg tidligare. Desse flaumhendingane aukar også risikoen for skred og ras, som kan gi alvorlege materielle skader som kan vere ein trussel mot liv og helse.



Gjenoppretingsarbeid i Flåm i Aurland kommune.




Ein stor del av erstatnings-sakene til naturskade-fondet er knytte til flaumskader, dette gjeld òg for 2015.

Erstatnings- saker statistikk

ERSTATNING NATURSKADE

Fylkesvis fordeling, NOK



ERSTATNING FOR NATURSKADER SOM BLEI HANDSAMA I 2015

I 2015 blei det fatta vedtak i 1250 erstatningssaker. Til saman blei det tilkjent 111,1 millionar kroner i naturskadeerstatningar frå Statens naturskadefond.

Blant hendingane som sette sitt preg på 2015 var flaum i Buskerud og Telemark i september månad. I 2015 blei det fatta vedtak om erstatning frå flaumskadane i oktober 2014 som ramma Vestlandet.

De fleste av skadane etter stormane Petra og Synne blei dekte av forsikring. Skader som kjem inn under den statlege erstatningsordninga vil i all hovudsak komme til handsaming i 2016. Desse skadane inngår dermed ikkje i statistikken for 2015.

I løpet av 2015 blei det tildelt erstatning til søkarar frå alle fylke, bortsett frå Finnmark og Oslo. Flest skader blei registrert i Sogn og Fjordane fylke.

ERSTATNING FORDELT PÅ SKADEÅRSÅK I 2015

Flaum var som i tidlegare år, også i 2015 den skadeårsaka som forårsaka flest skader. Av dei 111,1 millionar kronene som blei gitt i erstatning i 2015, forårsaka flaum 73,7 % av den totale summen. Dette utgjorde 81,8 millionar kroner.

Storm/stormflo forårsaka 17,2 % av alle skadane frå 2015. Dette utgjorde erstatning for meir enn 19 millionar kroner.




**Flaum forårsaka
73,7 prosent
av tilkjent
erstatning i 2015.**

Erstatning fordelt på skadesak

Skadeårsak	Erstatning (kroner)
Storm/stormflaum	19 136 970
Flaum	81 844 223
Flaumskred	3 569 126
Jord og leirskred	4 024 179
Snøskred	168 950
Steinskred/sprang	1 631 220
Annan årsak	733 900

ERSTATNING FORDELT PÅ SKADEÅRSÅK 2015

Prosent



Klagesaker i Ankenemnda

Ankenemnda er klageinstans for Styret for Statens naturskadefond sine vedtak. Ankenemnda er også klageinstans for vedtak gjort av forsikringselskap i saker etter naturskadeforsikringslova.

Klager i saker etter naturskadelova

Før klaga blir oversendt til Ankenemnda blir saka handsama på ny i førsteinstans. I 2015 handsama Ankenemnda 88 klager på vedtak gjort av fondsstyret. Klager fekk medhald i tre av sakene, og ei sak blei avvist.

Klagegrunn	Medhald	Ikkje medhald	Delvis rhald	Avvist
Skadeårsak		63		
Meirkostnader		7		
Eigendel				
Forsikring	1	4		1
Meldefrist		3		
Eigarforhold	1			
Erstatningsutmåling		3		
Klagefrist				
Avkorting		1		
Anna	1	3		
Totalt	3	84		1

Klager i saker etter naturskadeforsikringslova

Ankenemnda handsama 68 klager etter naturskadeforsikringslova i 2015. Klager fekk medhald i fire av sakene, og delvis medhald i ei sak. To saker blei avvist då dei låg utanfor Ankenemndas kompetanse.

Klagegrunn	Medhald	Ikkje medhald	Delvis medhald	Avvist
Skadeårsak	2	17		
Utanfor saksområdet		1		2
Skaden for seint meldt				
Avkorting		41	1	
Hageanlegg*	2	2		
Totalt	4	61	1	2

*Dersom skaden er skjedd innanfor forsikringstakaren sin «hage, hageanlegg eller gårdsplass oppad begrenset til 5 dekar», jf. naturskadeforsikringslova § 1 første ledd første punktum. Delvis medhald betyr at Ankenemnda kom til at skaden var skjedd delvis innanfor forsikringstakar sin hage, hageanlegg eller gårdsplass.



I 2015 handsama Ankenemnda 88 klager etter naturskadelova, og 68 klager etter naturskadeforsikringslova.




Store vassmengder stiller krav til påkledning.



Det er gjennomført overskjønn i 34 saker i 2015.

KLAGESAKER HANDSAMA I PERIODEN 2005-2015 ETTER NATURSKADELOVEN OG NATURSKADEFORSIKRINGSLOVA



SAKER FOR DOMSTOLANE I 2015

Landbruksdirektoratet har som sekretariat for Statens naturskedefond som oppgave å representere fondsstyret i domstolane.

Overskjønn – tingrettssaker

Landbruksdirektoratet har på vegne av Statens naturskedefond gjennomført overskjønn i 34 saker i 2015.

Anke på overskjønn – lagmannsretts- og Høgsterettssaker

Lagmannsretten har berre kompetanse til å oppretthalde eit overskjønn eller oppheve dette og returnere det til tingretten for ny handsaming. Lagmannsretten skal ikkje gjere eit nytt sjølvstendig skjønn i saka. Landbruksdirektoratet får bistand av Regjeringsadvokaten i saker for lagmannsrett og Høgsterett.

Det har i 2015 blitt ført 5 saker for lagmannsretten som gjaldt anke på overskjønn.

Saker om gyldigheita av Ankenemnda sine avgjerder

Dersom klage til Ankenemnda for Statens naturskadefond ikkje fører fram, kan skadelidte gå til søksmål for domstolane. Landbruksdirektoratet får bistand av Regjeringsadvokaten i slike saker. Landbruksdirektoratet fungerer som partsrepresentant for naturskadefondet.

Det blei ført to saker for lagmannsretten i 2015 som gjaldt gyldigheita av Ankenemndas vedtak.



Gjenoppretings- og sikringsarbeid i Flåm i Aurland kommune.



**Det blei ført
to saker for lag-
mannsretten
i 2015.**



Flaumstor elv Bærums verk hausten 2015.





LANDBRUKSDIREKTORATET

OSLO /
Postboks 8140 Dep
0033 Oslo
Stortingsgt. 28
0161 Oslo
Telefon: 24 13 10 00
Telefaks: 24 13 10 05

ALTA /
Postboks 1104
9504 Alta
Løkkeveien 111
9510 Alta
Telefon: 78 45 70 20
Telefaks: 78 45 70 49

www.landbruksdirektoratet.no

Forsidebilde: T. Kjerpeseth
Foto: Landbruksdirektoratet,
Matprat, Oikos, T. Gustavsen,
Miljødirektoratet
Grafikkilde: Landbruksdirektoratet,
der ikkje anna er oppgitt
Design: Itera Gazette

